



Statsforvaltaren i Rogaland

Rettleiing

Regionale miljøtilskot til jordbruksdelen i Rogaland 2025



Søknadsfrist 15. oktober

15. november for beitelaga

Innhald

Rettleiing	1
Regionale miljøtilskot til jordbruket i Rogaland 2025	1
Endringar i 2025	6
Generelle vilkår.....	7
Regelverk	8
Miljøkrav og kontroll	8
Miljøvenleg drift.....	8
Det skal minimum vere to meter vegetasjonssone langs vassdrag med årssikkjer vassføring.....	9
Føretaket skal ikkje gjere inngrep i kulturlandskapet utan løyve	9
Opplysningsplikt og kontroll.....	9
1. Ordningar for å ta vare på kulturlandskapet.....	10
§4 Drift av bratt areal	10
§5 Drift av beitelag – Organisert beitebruk (OBB)	11
§6 Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i innmark	13
2. Ordningar for biologisk mangfold	14
§7 Slått av slåttemyr eller slåttemark	14
Skjøtselsråd for slåttemark og slåttemyr.....	14
§8 Beiting av kystlynghei.....	15
§9 Brenning av kystlynghei	16
Skjøtselsråd for kystlynghei	17

Brenninga skal utførast i tråd med skjøtselsråda.....**Feil! Bokmerke er ikke definert.**

§10 Skjøtsel av biologisk verdifulle areal.....	18
Skjøtselsråd for myr.....	18
§11 Skjøtsel av trua naturtypar	19
Skjøtselsråd for naturbeitemark og hagemark.....	19
§12 Skjøtsel av stavingstre	21
Skjøtselsråd for stavingstre.....	21
Restaurering av eldre tre og etablering av nye.....	21
§13 Soner for pollinerande insekt.....	23
Skjøtselsråd for soner for pollinerande insekt.....	23
§14 Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl	25
Høg tilrettelegging – Vipestriper.....	25
Låg tilrettelegging - Beiting i våtmarksområde som grenser til verneområde	26
§15 Tilrettelegging for grupper av hekkande viper	27
3. Ordningar for å ta vare på kulturminne og kulturmiljø.....	29
Skjøtselråd for skjøtsel av automatisk freda kulturminne.....	29
§16 Skjøtsel av automatisk freda kulturminne	30
§17 Skjøtsel av enkeltståande automatisk freda kulturminne.....	30
§15 Drift av seter.....	31
4. Friluftsliv	32
§18 Vedlikehald av turstiar i jordbrukslandskapet.....	33

5. Ordningar for å minske næringsavrenning til vatn.....	34
§19 Grasdekt kantsone i åker.....	35
§20 Kantsone i eng	36
§21 Grasdekte vassvegar og grasstripe i åker	37
Grasdekte vassvegar.....	37
Grassstripe i åker	38
6. Ordningar for å minske utslepp til luft.....	39
§21 Nedfelling av husdyrgjødsel	40
§22 Nedlegging av husdyrgjødsel	40
§23 Spreiing av husdyrgjødsel med tilføringsslange.....	41
7. Jord og jordhelse	42
§24 Fangvekstar som underkultur	42
§25 Fangvekstar sådd etter husting.....	42
§26 Spreiing av biokol	43
7. Klimarådgiving	44
§28 Miljøavtale	44
Trinn 1	44
Trinn 2	44
§29 Klimarådgivning	45
Oversikt over førebels tilskotssats RMP 2025	46

Endringar i 2025

Innføring av nytt tiltak, §15 Tilrettelegging for grupper av hekkande viper.

Generelle vilkår

Har du eit landbruksføretak som har rett på produksjonstilskot i jordbruket kan du også søkje regionalt miljøtilskot (RMP). Føretaket må drive vanleg jordbruksproduksjon på ein eller fleire landbrukseigedomar og vere registrert i Einingsregisteret.

Beitelag som er registrert i Einingsregisteret innan 31. juli i søknadsåret, kan søkje tilskot til drift av beitelag. Privatpersonar, lag og foreiningar får ikkje regionalt miljøtilskot.

Det er føretaket som disponerer arealet som kan søkje regionalt miljøtilskot. Å disponere eit areal vi seie at føretaket sjølv utfører eller administrerer oppgåver som jordarbeidning, gjødsling, plantevern, gjerding, hausting/beiting og anna skjøtsel av arealet.

Til dømes er det du som søker produksjonstilskot på arealet som skal søkje tilskot til miljøvenleg gjødselspreiing, sjølv om det er andre personar som har det som spreieareal og som utfører gjødslinga. Tilskot som gjeld utmark skal søkjast på av det føretaket som disponerer arealet, og som utfører miljøtiltaket, t.d. beiting av kystlynghei. Til dømes er det føretaket som har beitedyr i utmarka som skal søkje tilskot til beite av kystlynghei Skjøtselen må vere i tråd med avtalen leigar har for bruken av området.. Forholdet mellom eigar og leigetakar er privatrettsleg, og dei må sjølv avtale kva regionalt miljøtilskot eventuelt har å seie for leigeforholdet.

Føretak som er i driftsfellesskap blir omfatta av felles tilskotstak. Du kryssar av i søknaden om du er i driftsfellesskap eller ikkje.

Det er mogleg å søkje regionalt miljøtilskot frå 15. september. Søknaden må vere levert innan søknadsfristen 15. oktober. Søknader som blir levert etter 15. oktober blir det trekt 1000 kr per dag søknadsfristen er overskride. Fram til 29. oktober kan du endre i allereie innlevert søknad – hugs å sende inn søknaden på nytt viss du gjer endringar i en allereie innsendt søknad. Det kan du gjere i Altinn. Blir søknaden levert etter 29. oktober blir den avvist. Kvittering blir sendt føretaket sin meldingsboks i Altinn. Ta vare på kvitteringa for innlevert søknad, den dokumenterer at søknaden er sendt.

For beitelaga er søknadsfristen 15. november. Dei kan også lever inn søknaden frå og med 15. september.

Du må ha utført miljøtiltak på areal du disponere i tråd med føringane for å ha rett på tilskot. For å kunne motta tilskot i årets søknadsomgang må registrering av areal med miljøverdiar, merking av tursti, avmerking av tursti på kart med meir vere utført før 31. juli.

Du søker elektronisk via Altinn eller lever papirsøknad til kommunen du har driftssenter i. Nesten alle tiltak krev kartfestning, dette gjer du i den digitale søknadsprosessen.

I den elektroniske søknaden startar søknadsprosessen med å teikne i elektronisk kart som seinare blir overført til søknaden. Søker du på papir må du levele både søknadsskjema og kart som viser kvar tiltaka er gjort. Kommunen vil deretter teikne inn tiltaka i saksbehandlarsystemet. Fleire tilskotsordningar er avgrensa til definerte område. På nettstaden www.temakart-rogaland.no/rmp er det oversikt over områda kor kvar dei ulike tilskotsordningane gjeld.

Når du søker tilskot har du plikt til å sette deg inn i føringane og vilkår for tilskot og oppgje korrekte opplysningar i søknaden. Søknaden kan bli avkorta dersom du fører opp areal eller dyr som ikkje gir grunnlag for tilskot. Kommunen har plikt til å vurdere om feilopplysingar i søknaden skal føre til avkorting av tilskotet.

[Her finn du steg-for-steg rettleiing om korleis du søker digitalt.](#)

Regelverk

Regionalt miljøtilskot i Rogaland er utarbeida frå den nasjonale instruks for regionale miljøtilskot 2023-2027 frå Landbruksdirektoratet. Gjelande regelverk for RMP er vist nedanfor:

[Forskift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Rogaland](#)

[Landbruksdirektoratet sitt rundskriv som definere forvaltningsansvar og saksbehandling](#)

[Satsforvalterne sitt rundskriv med kommentarar til reglane og rutinar for saksbehandling](#)

Miljøkrav og kontroll

Miljøvenleg drift

Det er forventa at føretak som får regionalt miljøtilskot viser aktsemd for miljøverdiar, og oppfyller regelverket på miljøområdet. Brot på regelverk gir grunnlag for avkorting av miljøtilskotet. Det same gjer brot på forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv. (gjødselbrukforskrifta) og manglende journal over plantevernmidlar.

Det skal minimum vere to meter vegetasjonssone langs vassdrag med årssikkjer vassføring

Mangel på vegetasjonssone langs vassdrag med årsikker vassføring kan føre til at kommunen avkortar søknaden. Sona skal vere minimum to meter brei - målt horisontalt frå vassdragets normalvassstand -, og kan vere av all type vegetasjon som gras, buskar, tre o.l. Det er ikkje tillate å jordarbeide, gjødsle eller sprøyte vegetasjonsona.

Føretaket skal ikkje gjere inngrep i kulturlandskapet utan løyve

Dersom føretaket utan løyve gjer inngrep som er negativt/ferringar for kulturlandskapet, t.d. river steingardar, lukkar bekker, sprøyter kantvegetasjon o.l., kan det føre til at kommunen avkortar søknaden.

Opplysningsplikt og kontroll

Søkarar har plikt til å gi alle opplysningar som kommunen, Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet finn nødvendig for å forvalte ordninga. Kommunen, Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kontrollerer at utbetaling av tilskot er riktig og skjer på rett grunnlag. Kommunane vil kvart år kontrollere minst 5 prosent av søknadane.

1. Ordningar for å ta vare på kulturlandskapet

Fleire stader i Rogaland er gjengroing av kulturlandskapet eit aukande problem. Det opne og varierte landskapet er svært viktig for trivsel og busetnad. Reiselivet tener også på opne og vakre kulturlandskap. I Regionalt miljøprogram er det valt å gi tilskot til areal som er særleg utsett for gjengroing, og til utvalde område som er viktig av omsyn til turisme eller har særlege kulturhistoriske verdiar.

§4 Drift av bratt areal

Det blir gitt tilskot til drift av bratt jordbruksareal for å halde areala i hevd og for å halde kulturlandskapet opent. Tilskotet blir gitt til jordbruksareal (fulldyrka areal, overflatedyrka areal og innmarksbeite) som har ei helling på 1:5 eller brattare. For å kunne motta tilskotet må søker aktivt skjøtte arealet, igjennom t.d. slått, ugrashandtering, kalking, gjødsling m.m. Arealet må haustast anten ved slått eller beite, og må drivast slik at det har normal fôrkvalitet og produksjon.

Beiting aleine eller beitpussing aleine utan andre kultiverande tiltak er ikke tilstrekkeleg for å få tilskot på fulldyrka areal.

Det er den som søker produksjonstilskot på arealet som kan søkje miljøtilskotet.

[Her kan du sjå NIBIO sitt kart over bratt areal.](#)

Tiltaksklasse	Førebels sats
Overflatedyrka og fulldyrka	180 kr per dekar
Innmarksbeite	160 kr per dekar

§5 Drift av beitelag - Organisert beitebruk (OBB)

Beitelag kan søkje tilskot for å driftet beitelaget. Beitelaget må organisere felles beitebruk på utmark i minimum 6 veker i sommarhalvåret. Tilskotet blir gitt per dyr sleppt på utmarksbeite. Ordninga gjeld for sau, geit, hest og storfe sleppt på beite. Beitelag som søker tilskott må vere registrert i Einingsregisteret.

Enkeltmannsføretak kan ikkje søkje dette tilskotet. Nyregistrerte beitelag skal ha minst 5 aktive medlemmer og 300 småfeeiningar. Minstekrav for eksisterande lag er 3 aktive medlemar og 150 småfeeiningar.

Beitelaget skal vere registrert i den kommunen der størstedelen av beiteområdet ligg. Viss laget beiter i fleire kommunar, så må kommunane saman avgjere kva som er rett registreringskommune. Beitelaget søker om tilskot til registreringskommunen. Viss noko av beiteområdet ligg i andre fylker må man vere oppmerksam på at andre fylke kan ha andre satsar og vilkår for drift av beitelag enn Rogaland.

Første året beitelaget søker skal dei sende kopi av vedtekten og kart over beiteområdet til kommunen.

Vilkår for å motta tilskot

- Laget skal ha eigne reglar og eit styre valt av medlemene i laget.
- Laget skal vere ope for brukarar som har tilgang til utmarksbeite i eit område der samarbeid kan fremje bruk av beiteområda.
- Laget skal bruke alt av tilskot til laget til å fremje den organiserte beitebruken i området gjennom felles tiltak.
- Laget skal føre rekneskap. Laget kan ikkje overføre tilskot til medlemene utan dokumenterte utlegg eller utgifter knytt til den organiserte beitebruken.
- Laget må organisere felles beitebruk på utmark i minimum 6 veker i sommarhalvåret.
- Laget skal organisere effektivt og forsvarleg tilsyn og sinking av eigne og andre sine dyr i laget sitt område, tilpassa lokale forhold.
- **Beiteområdet skal inspiseraast minst ein gong kvar veke**, slik at unormale tilhøve blir oppdaga og nødvendige tiltak blir sett i verk.
- Laget skal samarbeide med tilgrensande lag når det kan effektivisere ressursbruk og utnytting av beita. Dette gjeld særleg sinking og ettersinking.

- Laget skal notere på fastsett skjema opplysningar om gjennomført tilsyn (dato, tilsynsrunde, unormale tilhøve i beiteområdet og tiltak som er sett i verk).

Statsforvaltaren og kommunen kan i særlege høve be om å få lagt fram denne dokumentasjonen.

Tiltaksklasse	Førerels sats
Hest/storfe	25 kr per dyr
Småfe	25 kr per dyr

§6 Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i innmark

Tilskotet blir gitt til beiting jordbruksareal på utvalde bruk som er spesielt verdifulle. Jordbruksareala må vere i god hevd og godt skjøtta for å kvalifisere for tilskot.

Det er mogleg å søkje tilskotet i desse områda:

- Suldal kommune:
 - Littlehamar
 - Klungtveit
 - Mokleiv
 - Lali
 - Hamrebø
- **Lysefjorden:** Gjeld jordbruksareal øst for Lysefjordbrua
- Bjerkreim kommune:
 - Dyrskog ved Ørbsdalsvatnet

Tiltaksklasse	Førebels sats
Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i innmark	500 kr per dekar

2. Ordningar for biologisk mangfald

Jordbruket er viktig for å ta vare på biologisk mangfald. Nokre av dei mest trua artane finn vi i det ugjødsela beitelandskapet. Målet med regionalt miljøtilskot er å legge til rette for frivillig skjøtsel av viktige naturverdiar i Rogaland. Det er utarbeidd skjøtselsråd under kvart tema. Søkarar må kunne gjere greie for korleis skjøtselen har vore, og skjøtselen må vere i tråd med skjøtselsråda slik at føremålet med ordninga er satt.

§7 Slått av slåttemyr og slåttemark

Slåttemyr og slåttemark er rester etter dei historiske driftsmetodane utan tilgang på mineralgjødsel. Naturtypene er svært sjeldne i Rogaland, og i Noreg. Dei er artsrike og mange trua karplanter er knytt til desse områda. Både slåttemyr og slåttemark treng tilpassa skjøtsel for å kunne bli bevart.

Tilskotet utmålast per dekar. For å utløyse tilskotet må arealet bli slått - beiting aleine er ikkje tilstrekkeleg-, arealet må vere registrert i Naturbase, og skjøtselsråda må følgjast for å kunne utløyse tilskotet.

Det blir gitt tilskot til alle kvalitetar slåttemark og slåttemark som er definert som utvalt naturtype. Sjå temakart-rogaland.no/rmp for kva områda som kan motta tilskot.

Skjøtselsråd for slåttemark og slåttemyr

- Ingen bruk av kjemiske plantevernmidlar, mineralgjødsel eller husdyrgjødsel på området.
- **Slåttemark** - Slå arealet etter at dei viktigaste blomane har avblomstra, normalt i juli – august. La graset ligge i 2 – 4 dagar etter slått, men fjern det frå slåttearealet etterpå. La området gjerne bli beita om hausten.
- **Slåttemyr** - Slå med eitt eller fleire års mellomrom avhengig av veksten. Orkidéar toler ikkje intensiv slått, og på orkiderike myrer bør ikkje same område bli slått kvart år. Slå på seinsommaren slik at plantane får sett frø før dei blir slått, og fjern graset. Bruk lette maskinar slik at det ikkje blir køyreskader. Beiting kan ikkje erstatte slått

Tiltaksklasse	Førebels sats
Slått av slåttemyr / slåttemark	2000 kr per dekar



Figur 1: Brenning av kystlynghei er ein viktig del av skjøtselen som bevarer denne naturtypen.

§8 Beiting av kystlynghei

Kystlyngheia er utvikla i yngre steinalder gjennom at områda blir svidd og tatt i bruk som beite. Endra driftsformer med mindre beite i denne typen landskap, gjorde at dei store samanhengande lyngheiane var i ferd med å forsvinne. I 2015 blei kystlynghei definert som utvald naturtype, noko som betyr at den er av stor nasjonal verdi. Rogaland er det fylket med mest registrert kystlynghei, og det har sidan innføringa av regionalt miljøprogram i 2005 blitt arbeidd systematisk for å stimulere til bruk av desse områda.

Tilskotet blir utbetalt per dekar. Det er den som har beitedyr, og som aktivt skjøttar området som skal søkje tilskotet. For å utløyse tilskotet må kystlyngheia vere beita i minst 10 veker i løpet av året. Kystlyngheia må vere registrert i Naturbase, og det blir gitt ulik sats per dekar etter verdsetting i Naturbase.

Heilårsbeiting der dyra går ute heile året må vere godkjend av Mattilsynet. [Her kan du lese meir om vilkår for å ha utedrift av småfe og korleis ein søker godkjenning til Mattilsynet.](#)

Tilskotstak for beiting av kystlynghei er 60 000 kr/føretak.

Tiltaksklasse i eStil-RMP	DN Handbok 13	NiN	Førebels sats
Svært viktig	A-lokasjon	Svært høg kvalitet	70 kr per dekar
Viktig	B-lokasjon	Høg kvalitet, moderat kvalitet	40 kr per dekar
Lokalt viktig	C-lokasjon	Lav kvalitet	10 kr per dekar

§9 Brenning av kystlynghei

Tilskotet for brenning av kystlynghei blir gitt som eit tilleggs-tilskot til tilskotet for beiting av kystlynghei. For å utløyse brenne-tilskotet må ein søkje og motta beitetilskotet på det same område i same søknadsomgang. Tiltaket brenning av kystlyngheikan berre teiknast inne kor det allereie er teikna inn beiting av kystlynghei. Difor må ein først teikne inn tiltaket beiting av kystlynghei før ein kan teikne inn tiltaket brenning av kystlynghei.

Kystlynghei av ein slik kvalitet at den kvalifiserer til tilskot etter §8. beiting av kystlynghei kan søke tilskot til brenning av kystlynghei. Dersom kystlyngheia ikkje kvalifiserer til beitetilskot, typisk er attgrodd og treng restaurering, kan kommunen søkjast om SMIL-midlar. Ver merksam på at SMIL-midlar må søkjast på FØR du går i gang, medan regionalt miljøtilskot blir gitt i etterkant av sjølve brenning.

Brenninga skal skje mellom 15. september og 15. april, og skal avklarast med lokalt brannvesen. Det må gå minimum 10 år mellom kvar brenning av same arealet.

Tilskotstaket er 60 000 kr/føretak.

Tiltaksklasse	Førebels sats
Brenning av kystlynghei	400 kr per dekar

Skjøtselsråd for kystlynghei

- Ingen bruk av kjemiske plantevernmidlar, kalk, mineralgjødsel eller husdyrgjødsel.
- Kystlyngheia må beitast og beitetid/beitetrykk må vere tilpassa tilstanden/kvaliteten til kystlyngheia.
- Beiting i skuldersesongane er nødvendig. Berre sommarbeite på etablert lyng vil ikkje vere tilstrekkeleg. Etablert lyng må beitast i minst 10 veker.
- Rett etter brenning er sommarbeitning viktig. I desse områda må ein vere forsiktig med dyretal og beitetid slik at lyngen får reetablere seg.
- Kva som er «rett» dyretal per dekar vil variere.
 - Teikn på for høgt beitetrykk er mykje gras, fråvær av lyng og tråkkskader. Lyngen får ein flat form på toppen, og lyngspirer forsvinn heilt frå brannflater.
 - Teikn på for lågt beitepress er treoppslag og forgubbing av lyng. Grasartar veks seg høge og får bløme.
- Beiting med fleire dyreslag på same område er gunstig.
- I område utan gjerde mellom innmark og kystlynghei vil dyra veksle mellom innmark og utmark. Her er utfordringa å sikre god nok avbeiting av kystlyngheia samstundes som oppgjødsling blir unngått. Beitinga i kystlyngheia vil avhenge av førtilgang og beitetid. Slikjestein og ulik alder på lyngen vil påverke beitemønsteret til dyra, og ulike dyreraser kan ha ulikt beitemønster. Det er kvaliteten på kystlyngheia som avgjer om slike område kvalifiserer til tilskot.
- Brenning er ein del av normal skjøtsel. Områda bør ikkje brennast oftare enn kvart 10. år eller når lyngen om lag 30 – 40 cm høg. I store samanhengande område bør ein søkje å brenne avgrensa område om gangen.

Vilkår for brenning av kystlynghei

- Varsle alltid lokalt brannvesen i forkant av brenninga, og lag ein brannplan.

- Det skal vere tilstrekkeleg med folk til å gjennomføre brenninga på ein forsvarleg måte. Ta gjerne kontakt med andre som har erfaring med brenning, til dømes lyngbrennarlag.
- Det skal takast omsyn til hekkande fugl og dyre- og planteliv generelt. Brenning i hekkeområde for havørn og hubro skal avklarast med Statsforvaltaren. Statsforvaltaren har oversikt over kjende hekkeplassar.
- Ved brenning i verneområde skal Statsforvaltaren kontaktast på førehand.

§10 Skjøtsel av biologisk verdifulle areal

Det kan gis tilskot til skjøtsel av på myr klassifisert etter AR5 når den ligg inntil fulldyrka eller overflatedyrka mark, eller innmarksbeite som er godkjend som spreieareal for husdyrgjødsel. I temakart <https://www.temakart-rogaland.no/rmp> kan du skru på kartlag som visar areal som kan motta tilskot for skjøtsel av biologisk verdifull arena. Det kan ikkje vere gjort inngrep i myra som t.d. grøfter og kanalar for å kvalifisere for tilskot.

Skjøtselsråd for myr

- Ingen bruk av mineralgjødsel eller husdyrgjødsel.
- Ingen sprøyting med plantevernmidlar så framt dette ikkje er ein del av godkjend skjøtsel.
- Oppslag av busker og tre skal haldast nede.
- Riktig beitetid og beitetrykk for å unngå beiting som fører til for mykje opptrakkning.

Tilskotstak for skjøtsel av biologisk verdifulle areal er 50 000 kr/føretak

Tiltaksklasse	Førebels sats
Skjøtsel av biologisk verdifulle areal	300 kr per dekar

§11 Skjøtsel av trua naturtypar

Det kan gis tilskot til beite av naturbeitemark og hagemark i jordbrukslandskapet. Beitinga skal hindre attgroing og skal vere gjennomført slik at det biologiske mangfaldet blir tatt vare på eller forbetra. Areala det blir gitt tilskot for skal ikkje vere gjødsla, jordarbeidd eller sprøyta med plantevernmidlar.

Areala må vere kartfesta i Naturbase for å kvalifisere for tilskot. Naturbeitemark må ha verdi «svært viktig» (A-lokasjon) etter DN Handbok 13, «svært høg» eller «høg» kvalitet etter NiN, Miljødirektoratets instruks for å kunne kvalifisere for tilskot. Hagemark må ha verdi «svært viktig» (A-lokasjon) eller «viktig» (B-lokasjon) etter DN handbok 13 og minimum «moderat» kvalitet etter NiN for å kunne kvalifisere for tilskot.

Naturbeitemark er grasmark som er påverka av lang tids beite. Naturbeitemark skiljast frå meir intensivt utnytta eng ved at dei ikkje er pløgd, tilsådd eller gjødsla utanom det dyra legg ifrå seg. Dei er verdifulle område då dei er artsrike, og viser historisk beitebruk.

Engkvein og gulaks og smyle er viktigaste grasslag. Karakteristiske innslag er markfrytle, kystmaure, tiriltunge og blåklokke, sveve-artar. På rikare mark kusymre og vårmarihand. Av raudlisteartar finst solblom og ei rekke beitemarkssoppar.

Hagemark, ofte kalla hamnehage, er beitemark med tre. Hagemarkene har ofte eit rikt artsmangfald, og er vakre element i kulturlandskapet. Trea i hagemarka kan vere styva. Har du hagemark med styvingstre kan det gis tilskot per dekar for å beite området, og tilskot per tre for å skjøtte styvingstrea.

Skjøtselsråd for naturbeitemark og hagemark

- Ingen bruk av kjemiske plantevernmidlar, mineralgjødsel eller husdyrgjødsel.
- Områda må ikkje bli for intensivt beita. Det viktigaste er å regulere beitetrykket:
 - Teikn på rett skjøtsel er eit urterikt beite med innslag av beitemarksopp.
 - Teikn på for hardt beite: beiteskadar på tre, tråkkskadar, snaubeita område med berre gras.

Tilskotstak for skjøtsel av trua naturtypar er 60 000 kr/føretak.

Tiltaksklasse	Førebels sats
Skjøtsel av trua naturtypar	500 kr per dekar

§12 Skjøtsel av styvingstre

Det blir gitt tilskot for skjøtsel av styvingstre. Tilskotet blir berre utbetalt det året trea blir styva. Med styving meinast i det denne samanheng beskjering av nye skot på etablerte styvingstre. Dei som ønskjer å etablere nye styvingstre vil berre få tilskot dersom desse erstattar eldre styvingstre som døyr. Dei nye trea må inngå i eit miljø med eldre styvingstre.

Skjøtselsråd for styvingstre

- Normal styvingsintervall er 5 – 8 år.
- Kapp greinene et par cm over førre styvingsspor.
- Lag eit spor på baksida av greina på førehand slik at ikkje barken blir flerra av under kappinga.
- Kapp slik at vatnet renn av kappflata.
- Område med styvingstre kan med fordel beitast.
- Tenk sikkerheit!

Restaurering av eldre tre og etablering av nye

- Trea skal kappast over beitehøgda til husdyr, ca. 2 – 2,5 m over bakken.
- Vær forsiktig ved restaurering av eldre styvingstre. Start med å rydde området og fristill styvingstrea slik at dei får meir lys og mindre konkurranse frå annan vegetasjon. Fordel gjerne fristillinga over 3 – 6 år.
- Ved fristilling kan konkurrerande tre som lett set rotskot ringbarkast, t.d. or, osp, rogn. Dei vil då døy etter 1–2 år og gi ei meir gradvis fristilling av styvingstrea.
- I eit område med restaurering av mange styvingstre bør ein la nokre tre stå urørt og heller etablere nye. Dette fordi mange truleg ikkje vil tole restaureringa.
- Når styvingstrea har tilstrekkeleg lystilgang kan ein gradvis starte med å skjere ned trekrona. T.d. 1/3 av krona med to års mellomrom.
- Gjer restaureringa på vårvinteren før sevjestiging.
- Kapp 10 – 20 cm over tidlegare kappstad dersom treet er gamalt med grov bark. Unngå å skade tidlegare kappstad.
- Fjern dei avkappa greinene.
- Året etter restaurering er det ofte behov for å rydde ugras og lauvoppslag mellom styvingstrea.

Dei som vil restaurere gamle styvingstre kan ta kontakt med kommunen for å høyre om det er aktuelt med SMIL-midlar til restaurering.

Tiltaksklasse	Førebels sats
Skjøtsel av styrningstre	600 kr per tre

§13 Soner for pollinerande insekt



Figur 2: Blomar frå ein pollinator-vennleg sone.

Det blir gitt tilskot til skjøtsel av soner som er viktige for ville pollinatorartar. Det kan anten vere ei sone på eller ved eit jordbruksareal som aktivt blir sådd med eigna frøblandingar, eller skjøtsel av etablerte areal som har ein blanding med plantar som er gunstig for pollinatorar. Sonene må bestå av fleire artar som til sammen gir næring for pollinatorar gjennom heile vekstsesongen.

Tilskotet blir gitt per meter pollinatorsone. Bredda på pollinatorsona må vere minst to meter. Vegetasjonssone langs vassdrag kvalifiserer ikkje for tilskot.

Dei areala som er best eigna er relativt tørre område på næringsfattig jord med god kalktilstand. Viktige treartar som blomar tidleg på våren som t.d. selje, er viktige for insekta. Trea må gjerne stå i samanheng med sonene. Tilskotet blir berre gitt til areal som blir slått.

Skjøtselsråd for soner for pollinerande insekt

- Ingen bruk av kjemiske plantevernmidlar, mineralgjødsel eller husdyrgjødsel.
- Slå arealet etter at dei viktigaste blomane har avblomstra, normalt i august. Er sonene tresatt må det nyttast ljå, ryddesag og liknande. På våren veks graset raskare enn blomsterplantane. Etablerte soner kan difor ha godt av at graset blir slått og fjerna tidleg på våren slik at blomsterplantane får betre plass.
- La plantematerialet ligge i 2 – 4 dagar etter slått, men fjern det frå arealet etterpå.
- La gjerne området bli beita om hausten.
- Det er viktig å ta vare på treslag som er gode matkjelder; lind, selje, rogn, hegg m.fl
- Framande artar med skadepotensiale må fjernast.


Dersom det blir brukt frøblandingar må dei innehalde ein variasjon av blomsterartar, helst norske artar. Blir det brukt blandinger med framande artar må dei etter [Artsdatabanken](#) sin oversikt, ikkje innebere større enn «lav risiko».

Tilskotstak for tilskot til pollinerande insekt er 10 000 kr per føretak.

Tiltaksklasse	Førebels sats
Eiga sone, generell frøblanding	50 kr per meter
Eiga sone, regional frøblanding	70 kr per meter
Tilgrensande sone	70 kr per meter

§14 Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl

Høg tilrettelegging - Vipestripes



Figur 3: Illustrasjon som viser «ei stripe for vipe». Av Erik Steen Larsen.

Tilskotet gjeld tilrettelegging for vipa i form av etablering av vipestripe. Føretaket må innan 1. mars same år ha meldt i frå til kommunen eller Statsforvaltaren om interesse for vipestripa.

Ei vipestripe er eit areal med pløgd jord eller areal i stubb som er satt til side for at vipa kan etablere reir og hekke utan forstyrring. Vipa liker område med svart jord i dagen. Det gjer areala opne og oversiktlege slik at ho kan oppdage fiendar. Vipestripa må minst vere 2 dekar for å kunne mottek tilskot. Områda skal ligge urørt i perioden 20. mars – 1. juni. Med urørt meinast det at areala ikkje skal køyrast på i denne perioden. Det betyr at gjødsling og sång må vente til 1. juni.

Arealet skal vere attraktivt for vipa. Det aktuelle vipearealet skal ligge inntil eit sideareal som vipeungane kan rømme ut i når jordbruksdrifta tek til igjen 1. juni. Sidearealet skal ikkje være tresatt. Sidearealet skal være; areal som blir beita, kornareal, myrområde, eller bar fastmark. Det må være mogleg for ikkje-flygedyktige vipeungar å komme seg over til sidearealet. Det betyr at det ikkje kan være fråskilt vipearealet med djup kanal, helt tett steinmur, høgt trafikkert veg eller andre uoverkommelege hindringar.

Den kan være viktig å huske at vipearealet bør sås i etter 1. juni for å vere i drift og kvalifisere for produksjonstilskot. Søkjaren skal berre teikne inn vipearealet i søknaden, og dei kan eventuelt kommentere sidearealet i søknaden. I samband med nydyrkning er det vanleg å la arealet ligge ei stund for at det skal sette seg. Tilskotet gjeld allereie fulldyrka areal og ikkje areal under nydyrkning.

Stadleg kontroll må utførast i perioden 20. mars–1. juni. Det blir maksimalt gitt tilskot til 20 dekar.

Låg tilrettelegging - Beiting i våtmarksområde som grenser til verneområde

Det er ønskjeleg å stimulere til beiting ved dei grunne, fuglerike vatna i Rogaland, som er verna som våtmarksreservat. Det blir derfor gjeve eit tilskot i avgrensa område for ugjødsla beiting med moderat beitetrykk for å syte for rett skjøtsel av viktige våtmarksbiotopar.

Det blir berre gitt tilskot til utvalde område som er kartfesta i www.temakart-rogaland.no/rmp.

Skjøtselsråd for våtmarksbeiting

- Det skal ikkje gjødslast eller leggjast tilleggsfôr på tilskotsarealet med mindre det er avtalt med verneforvaltninga.
- Beitedyra skal ha tilgang til strandsona slik at denne ikkje gror til med takrøyrs m.m.
- Riktig beitetrykk er viktig. Beitetrykket må vere så høgt at området ikkje gror igjen, og så lågt at ikkje reir blir øydelagte av tråkk.

Tiltaksklasse	Førerels sats
Høg tilrettelegging	900 kr per dekar
Låg tilrettelegging	300 kr per dekar


§15 Tilrettelegging for grupper av hekkande viper

Formålet med tilskotet er at du som bonde skal vise omsyn til grupper av hekkande viper i din drift. Dette betyr at du skal kunne fortsett drive arealet som normalt, men du skal vise omsyn til de vipene som har reir på arealet. Å vise omsyn er å gi vipene tilstrekkeleg fred og ro i hekkinga. Du som bonde skal sørge for at reira ikkje forstyrrest eller øydeleggast på grunn av din aktivitet.

Vilkår for å kunne motta tilskot

- Det er konstatert en hekkegruppe på ditt areal
- Du har meldt i frå til kommunen eller statsforvalteren om hekkegruppa innan 15. april
- Du har vist omsyn til vipa i din drift
- Du har ført logg over tiltak som er utført. Forslag/mal til ein slik logg er vedlagt.

En **hekkegruppe** er minst tre vipereir som har en avstand som legger til rette for et fellesforsvar mot predatorar. For å oppretthalde et felles forsvar mot predatorar så skal avstanden mellom alle reira i hekkegruppa være 200 meter eller mindre, sjå figur 4. For å utløyse tilskot må det være en hekkegruppe på arealet som du disponerer. To av reira i hekkegruppa må ligge på arealet som du disponerer for å utløyse tilskot. Dette vil si at et av reira i den definerte hekkegruppa kan ligge på areal utanfor arealet som du disponerer. Skriv i merknadsfeltet til saksbehandlar eit av reira i hekkegruppa ligger utanfor areal som du disponerer eller på etablert vapestripe.



Figur 4: Her er to eksemplar på en hekkegruppe vist i lilla sirkel. Avstanden mellom reira i hekkegruppa er mindre enn 200 meter. Eksempel a) viser at reira er plassert i en trekant-form, her er avstanden mellom alle tre reira mindre enn 200 meter. Eksempel b) viser at reira er plassert på en linje, her er avstanden mellom reira på enden av linja mindre enn 200 meter. I begge eksempla er avstanden mellom reira utanfor hekkegruppa meir enn 200 meter.

Kva for tiltak for kan gjerast avhenger av din drift. Under kan ein sjå nokon forslag til tiltak som kan gjennomførast.

- Gjennomført kartlegging og merking av reir i kart, f.eks. digitalt kart eller fysisk kart.
- Bruk av vipedisk eller liknande under gjødsling
- Hold en buffersone frå reir under jordarbeiding
- Redusere maskinhastigheita i nærheitene av reir
- Hold avstand frå reir under sprøyting
- Tilpassa beitepress og bruk av vipebur eller liknande
- Informasjon til tilsetje om plassering av reir og kva for ein tiltak som skal gjennomførast

Tilskotet gjelder alle reir som er seg på ditt areal, både i hekkegruppa og utanfor hekkegruppa. I søknaden teiknar du inn alle reira som er seg på arealet som du disponerer. Dette tilskotet kan søkast på samstundast med vipestripe-tiltaket. Du vil kunne motta tilskot for både vipestripe og tilrettelegging for grupper av hekkande viper. Reir på etablerte vipestripe kan ikkje motta tilskot samtidig som ein mottar vipestripe tilskotet. Har ein etablert ei vipestripe og det etablerast vipereir på denne vipestripa må ein velje kva for ordning ein vil søkje på. Vipereir på etablert vipestripe kan vere del av hekkegruppe som krevjast for å utløyse tilskot.

Tiltaksklasse	Førerels sats
Eng- og kornproduksjon	2000 kr per reir
Potet- og grønsakproduksjon	3000 kr per reir

3. Ordningar for å ta vare på kulturminne og kulturmiljø

I Rogaland finst det i dag om lag 20 000 automatisk freda kulturminne (det vil seie kulturminne eldre enn 1537 e.Kr). Kulturminna er ein viktig del av kulturarva vår. Gjennom Regionalt miljøprogram blir det gitt tilskot til å skjøtte kulturminne knytt til jordbruksareal, og for at det i drifta av arealet blir tatt ekstra omsyn.

Eit kulturminne kan anten få tilskot per dekar eller per stykk, ikkje begge deler. Det blir gitt tilskot per dekar i ordninga §16 *skjøtsel av automatisk feda kulturminne* medan det blir tilskot per gravminne i ordninga §17 *skjøtsel av enkeltståande automatisk feda kulturminne*. Søkarane må velje kva ordning dei vil søkje på. Det er felles skjøtselsråda er dei same.

For å utløyse miljøtilskot må kulturminna ligge på eller rett ved jordbruksareal, og dei må vere synlege. Automatisk feda kulturminne er registrert i Riksantikvaren sin database «[Askeladden](#)», og den gir viktig informasjon om kulturminnet.

Skjøtselråd for skjøtsel av automatisk feda kulturminne

- Det skal vere ein skånsam og aktiv skjøtsel av områda enten gjennom beiting eller ved at trer og buskar fjernast manuelt. Ryddar du bort tre skal røter stå igjen slik at kulturminne ikkje blir skada
- Store særeigne tre i området kan ein la stå.
- Det skal ikkje gravast på, eller ved eit kulturminne, og det skal ikkje fjernast masse eller torv frå området.
- Det skal ikkje køyrast på eller kloss inntil kulturminnet. Dersom det må brukast traktor eller andre tunge reiskap ved t.d. fjerning av hogstavfall skal det skje på vinteren mens det er tele i bakken.

§16 Skjøtsel av automatisk freda kulturminne

Tilskotet blir gitt per dekar automatisk freda kulturminne inkludert sikringssone. Registreringar på fulldyrka mark som kan haustast på vanleg måte gir ikkje grunnlag for tilskot. I søknaden skal det i tillegg førast opp kor mange ulike lokalitetar det søkjast tilskot til. Ein lokalitet i databasen Askeladden er eit avgrensa område med eit eller fleire enkeltminne.

Tiltaksklasse	Førerels sats
Skjøtsel av automatisk freda kulturminne	100 kr per dekar

§17 Skjøtsel av enkeltståande automatisk freda kulturminne

Tilskotet blir gitt per enkeltminne som etter kulturminnelova er eit gravminne. Med gravminne meinast automatisk freda gravhaugar, gravrøyser, gravkammer, steinleggingar, kistegraver og kyrkjegardar. Gravminna kan ligge enkeltvis. Søkaren må disponere areal der det er minst 3 eller fleire registrerte synlege enkeltminne for å ha rett til tilskot.

Tiltaksklasse	Førerels sats
Skjøtsel av enkeltståande automatisk freda kulturminne	500 kr per gravminne

§15 Drift av seter

Det blir gitt tilskot til drift av enkeltseter med mjølkeproduksjon av ku- eller geitemjølk for eigen foredling eller levert til meieri. Produksjonsperioden må vere minst fire veker per sesong, med ein produksjon på minimum 45 liter kumjølk eller 25 liter geitemjølk per døgn.

Tiltaksklasse	Førebels sats
4 veker	120 000 kr per seter
6 veker	140 000 kr per seter

4. Friluftsliv



Figur 5: Gjerdeklyver gjer den enkelt å kombinere beite og friluftsliv

Turar gjennom jordbrukslandskapet gir gode opplevingar, og er verdifulle både for folkehelsa og befolkninga si oppleving av jordbruket. Tilskot til vedlikehald av turstiar skal stimulere til, og gi betaling for at jordbruksføretak legg til rette for ferdsel på eigedomen. Tilrettelegging er med på å styre ferdsla til dei områda grunneigar ønskjer. Slik tilrettelegging kan vere med på å dempe konfliktar mellom gardbrukarar og turgåarar.

§18 Vedlikehald av turstiar i jordbrukslandskapet


Det blir gitt tilskot vedlikehald av turstiar som grenser til eller ligg på jordbruksareal. Turstiar i utmark kvalifiserer ikkje for tilskot. Turstien skal vere godt merka og eventuelt skilta i terrenget. Vegetasjonen skal haldast nede, og turstien skal vere open og tilgjengeleg for publikum. Turstien skal vere ein naturleg del av ei rundløype eller turstinettverk.

Turstien skal vere merka av på eit kart som befolkninga lett har tilgang til. Til dømes: offentleg kjent turkart (M711 eller eit anna turkart) eller på www.ut.no. Frist for merking av tursti og avmerking av tursti på kart med meir er 31. juli for å utløyse tilskot.

Tiltaksklasse	Førebels sats
Vedlikehald av turstiar i jordbrukslandskapet	9 kr per meter

5. Ordningar for å minske næringsavrenning til vatn

I Rogaland er avrenning frå jordbruk ei av kjeldene til at mange vassdrag ikkje har god nok tilstand jamfør vassforskrifta. Dette gjeld særleg i dei sentrale jordbruksområda på Jæren og på Haugalandet, noko som kjem tydeleg fram i Regionalt miljøprogram. Tilskotet skal legge til rette for frivillige tiltak slik at påverknaden frå jordbruket blir redusert. Det er grovfôrproduksjon på 95 prosent av jordbruksarealet i Rogaland. Utfordringane her er i stor grad knytt til gjødsling og fosfortilstand i jord. Der det er open åker vil erosjon utgjere fare for tap av jord og næringsstoff til vassdrag. På vann-nett.no kan alle sjå vassdraga sin tilstand og påverknadskjelder.



Figur 6: Avstanden mellom vassdrag og dyrka marka kan ikkje overstige 8 meter for å ha rett på tilskot, dette betyr at den naturlege kantsona/vegetasjonsona mellom vassdraget og dyrka marka ikke kan overstige 8 meter for å utløse kantsone-tilskota (§19 og §20).

§19 Grasdekt kantsone i åker

Det blir gitt tilskot til å etablere og skjøtte grassoner på teigar med åker langs vassdrag. Grassona skal ligge mellom vegetasjonsonna/kantsona og åkerveksten. Avstanden mellom vassdraget og dyrka marka kan ikke overstige 8 meter for å utløyse tilskot, sjå figur 6.

Grassona skal vere minst 8 meter brei. Minimum 6 meter av denne grassona skal ligge på fulldyrka areal. Difor kan den grassona som ein søker tilskot for ligge delvis eller fullstendig på dyrka marka.

Grassona skal bestå av fleirårig gras. Grassona skal ikke gjødslast eller sprøytast, og skal haustast anten ved slått eller beite. Jordarbeiding og såing skal ved behov skje mellom 1. mars og 1. juli.

I regelverket for produksjons- og avløysartilskot er det krav om ei vegetasjonssone på minst 2 meter langs vassdrag med årssikker vassføring. Samtidig må søkerar vere merksam på at denne sona er omfatta av vassressurslova.

Søkarar må minimum ha 50 meter grasdekt kantsone for å utløyse tilskot.

Tiltaksklasse	Førebels sats
Korn	35 kr per meter
Potet/grønsaker	55 kr per meter

§20 Kantsone i eng

Det er tilskot til å halde ugjødsela kantsone i eng langs vassdrag. Avstanden mellom vassdrag og dyrka marka skal ikkje overstige 8 meter for å utløyse tilskot, sjå figur 6.

Grassona skal vere minst 6 meter brei, minimum 4 meter av denne grassona skal ligge på fulldyrka areal. Difor kan grassona som ein søker tilskot for ligge delvis eller fullstendig på dyrka marka.

Grassona skal bestå av fleirårig gras. Grassona skal ikkje gjødslast eller sprøytaст. Grassona skal haustast anten ved slått eller beite. Jordarbeiding og såing skal ved behov skje mellom 1. mars og 1. juli.

I regelverket for produksjons- og avløysartilskot er det krav om ei vegetasjonssone på minst 2 meter langs vassdrag med årssikker vassføring. Samtidig må søkerar vere merksam på at denne sona er omfatta av vassressurslova.

Søkarar må minimum ha 50 meter grasedekt kantsone for å utløyse tilskot.


Tiltaksklasse	Førebels sats
Prioriterte områder (Jæren og Haugaland vannområde)	25 kr per meter
Andre områder (Dalane og Ryfylke vannområde)	10 kr per meter

§21 Grasdekte vassvegar og grasstripe i åker

Grasdekte vassvegar

Det blir gitt tilskot til fleirårig grassdekte vassvegar på åkerareal. Med dette meinast områda på åkeren der vatn renn og samlar seg, sjå figur 7 for eksemplar på godkjende plasseringar. Grasdekket skal vere minimum 6 meter breitt. Arealet skal bestå av fleirårige grasartar.

Viss den grassdekte vassvegen er breiare enn 12 meter, er det mogleg i RMP-søknaden å teikne inn 2 parallelle liner.




Figur 7: Eksempel på godkjende plasseringar av grassdekte vassvegar. Vassvegar er områda på åkeren der vatn renn og samlar seg. Dette kan være på fleire moglege plasseringar og det er viktig å sjå på arealet og kva veg vatnet naturlig tek. Grasstripa trenger ikkje gå i ei rett linje.

Grasstripe i åker

Det blir også gitt tilskot for grasstripe på tvers av fallet i lange hellingar.

Grasdekke på tvers av fallretninga skal minimum vere to meter breitt. Det er eit krav om åkerproduksjon på begge sidene av grasstripa, sjå figur 8.

Viss grasstripa er breiare enn 4 meter, er det mogleg i RMP-søknaden å teikne inn 2 parallelle linjer.



Figur 8: 8a) Godkjend plassering av ei grasstripe i åkeren. Grasstripe skal plasserast på tvers av fallet på åkeren. Det skal vere åkerproduksjon over og under grasstripa. 8b) ikkje-godkjend plassering av grasstripe i åker, fordi det ikkje er åkerproduksjon over og under grasstripa.

For både grasdekte vassvegar og grasstripe i åker skal fornying, jordarbeiding og såing skje mellom 1. mars og 1. juli.

Tiltaksklasse	Førerels sats
Korn	35 kr per meter
Potet/grønsaker	55 kr per meter

6. Ordningar for å minske utslepp til luft

Rogaland har med sin store husdyrproduksjon store mengder med husdyrgjødsel til disposisjon. Det aller meste av husdyrgjødsla blir nytta lokalt og spreidd på jordbruksjorda i løpet av vekstsesongen. Tap av nitrogen til luft skjer både gjennom lagring og bruk av husdyrgjødsla. Gjennom å nytte spreieutstyr som anten legg gjødsla direkte på bakken eller skyt den ned i jorda kan tapa reduserast. I tillegg vil vasstilsetting av gjødsla betre infiltrasjonen slik at faren for overflateavrenning blir mindre.

Om lag 85 prosent av fosforet som blir tilført jordbruksareala i Rogaland kjem frå husdyrgjødsla. I Rogaland er miljøvenleg gjødselspreiing òg eit viktig tiltak for å minske næringstap til vassdrag.



Figur 9: Miljøvenleg gjødselspreiing Foto: Statsforvaltaren i Rogaland.

For ordningane *§21 nedfelling av husdyrgjødsel* og *§22 nedlegging av husdyrgjødsel* gjeld dei same vilkåra. Det skal **maksimalt spreast 6 tonn per dekar vassinnblanda husdyrgjødsel per spreiing**. Den som søker tilskot skal ha årleg gjødslingsplan og skiftenoteringar som viser spreiedato og mengd gjødsel spreidd per dekar. All bruk av gjødsel skal kome fram av gjødslingsplanen.

Siste spreiedato på areal det er søkt tilskot til er 10. august. Arealet skal haustast eller beitast etter siste spreiing. Det er den som disponerer arealet som skal søkje tilskot. All bruk av husdyrgjødsel på areal det blir søkt tilskot til skal vere spreidd med miljøvenleg metode.

§21 Nedfelling av husdyrgjødsel

Det blir gitt tilskot til spreiing av husdyrgjødsel ved nedfelling på fulldyrka eller overflatedyrka areal.

Tiltaksklasse	Førebels sats
Nedfelling	85 kr per dekar

§22 Nedlegging av husdyrgjødsel

Det blir gitt tilskot til spreiing av husdyrgjødsel ved nedlegging på fulldyrka eller overflatedyrka areal.

Tiltaksklasse	Førebels sats
Nedlegging	85 kr per dekar

§23 Spreiing av husdyrgjødsel med tilføringslange

Det blir gitt ekstra tilskot til dei som bruker tilføringslange ved nedlegging eller nedfelling av husdyrgjødsel. Tilføringslange må ha blitt brukt ved alle gjødslingane på arealet i søknadsåret.

Når du skal føre inn dette tiltaket i søknaden må du først teikne inn området du har brukt nedfelling/nedlegging. Dette tiltaket kan berre teiknast inne kor det allereie er teikna inn nedfelling eller nedlegging.

Tiltaksklasse	Førebels sats
Bruk av tilføringslange	55 kr per dekar

7. Jord og jordhelse

Fangvekstar er vekstar som blir sådd samtidig med, eller etter hausting av hovudkulturen. Formålet med fangvekstar er å samle opp næringsstoff og redusere jorderosjonen etter at hovudveksten er hausta. Det blir ikkje gitt tilskot til gjenlegg, det vil seie at fangveksten ikkje kan vere hovudkultur året etter.

- Såtidspunktet må vere så tidleg at fangveksten er godt etablert før november.
- Det kan maksimalt vere 15 prosent belgvekstar i fangveksten.
- Fangveksten skal ikkje gjødslast og sprøytaast. Unnateke er sprøyting mot flughavre, hønsehirse og svartsøtvier. Viss ein har fangvekst som underkultur kan ein gjødsle og sprøyte som normalt før hovudkulturen haustast.
- Fangveksten kan haustast ved slått eller beiting under føresetnad av at dette ikkje fører til vesentleg dårlegare effekt pga. køyreskadar eller betydelege skadar etter hard beiting og tråkk.
- Arealet skal ikkje jordarbeidast før 15. februar neste år.

§24 Fangvekstar som underkultur

Det blir gitt tilskot for fangvekstar sådd i veksande kulturar av blant anna korn, oljevekstar, radkulturar eller mais.

Tiltaksklasse	Førebelts sats
Fangvekst som underkultur	300 kr per dekar

§25 Fangvekstar sådd etter hausting

Fangvekstar er vekstar som blir sådd etter hausting av blant anna tidlegkulturar av grønsaker, potet eller rotvekstar eller korn.

Tiltaksklasse	Førebelts sats
Fangvekst sådd etter hausting	300 kr per dekar

§26 Spreiing av biokol

Det kan gis tilskot til spreiing av biokol i open åker. Biokolet skal moldast ned etter spreiing. Innkjøpt biokol må oppfylle dei europeiske kvalitetskrava for EBC. Eigenprodusert biokol må lagast av rein skogvirke eller plantemateriale frå garden.

Tilskotet blir fastsett per kg basert på biokol med minimum 75 prosent tørrstoff. Det skal teiknast inn i kart kva areal som har fått tilført biokol. Biokol tilsett føret til dyra har òg rett på tilskot. Område der gjødsla frå dyra er spreidd er det som søkerast på.

Det blir maksimalt gitt tilskot til 4000 kg spreidd biokol per føretak.

Tiltaksklasse	Førebels sats
Biokol	15 kr per kg

7. Klimarådgiving

§28 Miljøavtale

I nedslagsfeltet til utvalde vassdrag kan jordbruksføretak teikne miljøavtale med kommunen for å minske tap av næringsstoff til vassdrag. Målet med miljøavtalane er å motivere bøndene til god gjødslingspraksis, til å gjere punkttiltak på eigen gard og til å halde ein grasdekt ugjødsla kantsone langs vassdrag. Miljøavtalane kan maksimalt gå i seks år. Dei første tre åra er definert som trinn 1, medan dei tre neste er definert som trinn 2.

Søkarane om tilskot må oppfylle alle elementa i miljøavtalen, og avtalen gjeld all fulldyrka og overflatedyrka areal som søkeren har i det aktuelle nedslagsfeltet. Underteikna avtale gir landbruksforvaltinga rett til å innhente og samanstille opplysningar om jorda sin fosforstatus.

Trinn 1

Ingen vassdrag er del av trinn 1 i søknadsomgangen 2025

Trinn 2

Følgjande vassdrag er i trinn 2

- Skjoldafjorden (2023 – 2025)

Tiltaksklasse	Førebels sats
Trinn 1	100 kr per dekar
Trinn 2	90 kr per dekar

§29 Klimarådgivning

Klimarådgivning går ut av RMP-ordninga etter søknadsomgangen 2025, og tilskotet flyttast over til ein ny ordning som Landbruksdirektoratet skal forvalte. Klimarådgivning som er gjennomført mellom 15.10.2024 og 15.10.2025 kan søkje tilskot i RMP som vanleg/tidlegare. Klimarådgivning gjennomføre etter 15.10.2025 kan søkje tilskot i den nye ordninga hjå Landbruksdirektoratet.

Føretaka kan søkje om tilskot i etterkant av utført rådgiving. **Saman med søknaden skal dei legge ved kopi av tiltaksplanen.** Kommunane kan ved kontroll be om å få sjå kvittering for utført klimaråd. Dei som tilbyr klimaråd skal vere godkjend av Landbruksdirektoratet. Så langt er det NLR og TINE som tilbyr klimaråd i Rogaland. Klimarådgiving skal innehalde to tema:

1. Gjennomgang av utslepp og opptak av klimagassar på driftseininga med sikte på å gjennomføre tiltak.
2. Vurdering av behov for klimatilpassing

NLR og TINE bruker klimakalkulatoren for å vurdere potensialet for klimagassreduksjon på gardsbruket. På heimesida klimasmartlandbruk.no er det informasjon om klimakalkulatoren. Så langt er klimakalkulatoren utvikla for produksjonane; grovfôr, ammekyr, sau, frukt og bær, mjølk, korn og gris. Dei andre produksjonane vil følge fortløpende.

Klimatilpassing handlar om å kunne møte endringar i klima i gardsdrifta. Det er venta større svingingar i både temperatur og nedbør, og fleire episodar med store nedbørsmengder på kort tid. Handtering av overflatevatn, behov for drenering, avbøtande tiltak som sedimentasjonsdammar, fangdammar, naturbaserte reinseløysningar, vatningsanlegg ved tørke o.l. er aktuelle element i rådgivinga. Rådgivarane skal bruke malen som er utarbeida i fellesskap med Landbruksdirektoratet, og klimarådgivinga skal lede ut i ein tiltaksplan tilpassa den einskilde driftseininga.

Tiltaksklasse	Førebels sats
To-til-ein rådgiving	9500 kr
Ein-til-ein rådgiving	7500 kr
Grupperådgiving	5500 kr

Oversikt over førebels tilskotssats RMP 2025

Tiltak	Førebels sats 2025	Tilskotstak og avgrensinger
Kulturlandskap		
Drift av bratt areal		
Fulldyrka og overflatedyrka (1:5 og 1:3)	180 kr per dekar	
Innmarksbeite (1:5 og 1:3)	160 kr per dekar	
Beiting av verdifull jordbruksareal i innmark		
	500 kr per dekar	
Drift av beitelag		
	25 kr per dyr	
Biologisk mangfold		
Slått av slåttemark og slåttemyr		
	2000 kr per dekar	
Beiting av kystlynghei		
Svært viktig	70 kr per dekar	Maks. 60 000 kr/føretak
Viktig	40 kr per dekar	
Lokalt viktig	10 kr per dekar	
Brenning av kystlynghei		
	400 kr per dekar	Maks. 60 000 kr/føretak
Skjøtsel av biologisk verdifull areal		
	300 kr per dekar	Maks. 50 000 kr/føretak
Skjøtsel av trua naturtypar		
	500 kr per dekar	Maks. 60 000 kr/føretak
Skjøtsel av styrningstre		
	600 kr per tre ved styring	
Soner for pollinerande insekt		
Eiga stripe, generell frøblanding	50 kr per meter	Maks. 10 000 kr/føretak
Eiga stripe, regional frøblanding	70 kr per meter	
Tilgrensande kantsone	70 kr per meter	
Tilrettelegging av hekke- og beiteområda for fugl		

Vipestripe (Høg tilrettelegging)	900 kr per dekar	Minimum 2 dekar for å utløyse tilskot. Maks. 20 dekar
Våtmarksbeiting (Låg tilrettelegging)	500 kr per dekar	
Tilrettelegging for grupper av hekkande viper		
Eng-/kornproduksjon	2000 kr per reir	
Potet- og grønsaksproduksjon	3000 kr per reir	
Kulturminner og kulturmiljø		
Skjøtsel av automatisk freda kulturminne		
	100 kr per dekar	
Skjøtsel av enkeltstående automatisk freda kulturminne		
	500 kr per gravminne	Minimum 3 gravminne
Drift av seter		
4-6 veker	120 000 kr per seter	
6 eller meir veker	140 000 kr per seter	
Friluftsliv		
Vedlikehald av turstiar i jordbrukslandskapet		
	9 kr per meter	
Avrenning til vatn		
Grasdekt kantsone i åker		
Korn	35 kr per meter	Minimum 50 meter
Potet/grønsaker	55 kr per meter	
Kantsone i eng		
Prioriterte områder	25 kr per meter	Minimum 50 meter
Andre områder	10 kr per meter	
Grasdekte vassvegar og grasstripe i åker		
Korn	35 kr per meter	
Potet/grønsaker	55 kr per meter	
Utslepp til luft		
Nedfelling av husdyrgjødsel		
	85 kr per dekar	
Nedlegging av husdyrgjødsel		
	85 kr per dekar	

Spreiing av husdyrgjødsel med tilførselsslange		
	55 kr per dekar	
Jord og jordhelse		
Fangvekst som underkultur		
	300 kr per dekar	
Fangvekst sådd etter hausting		
	300 kr per dekar	
Spreiing av biokol		
	15 kr per kg	Maks. 4000 kg spreidd biokol per føretak
Klimarådgivning og miljøavtaler		
Klimarådgivning		
To-til-ein rådgiving	9500 kr	
Ein-til-ein rådgiving	7500 kr	
Grupperådgivning	5500 kr	
Miljøavtale		
Trinn 1	100 kr per dekar	
Trinn 2	95 kr per dekar	